



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Fredrik Arnesen, 5557 2369

Vår dato
11.10.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/2988 356.0
Dykkar referanse

Adresseliste

Regionalt Plan - og øvingsforum - Invitasjon til fagdag og møte i gruppa 16. november 2016

Vi viser til oppstartsmøte for *Plan- og øvingsforum Hordaland* den 27. april 2016, samt referat frå dette møtet i brev av 9. mai 2016 (vedlagt).

Fylkesmannen i Hordaland inviterer med dette til ein fagdag / eit møte i forumet den 16. november 2017. Som ein del av programmet vil Tommy Steinnes og Bjørn Pollestad holde innlegg om deira erfaringar, mellom anna frå deira masteroppgåve om organisatorisk læring i forbindelse med store samvirkeøvingar i Hordaland. I tillegg vil Gry Evensen frå Fylkesmannen i Rogaland fortelje om korleis dei arbeider med større øvingar i Rogaland, samt erfaringar frå arbeidet med utarbeiding av *Handbok i øvingsplanlegging*. Til slutt vil vi og sette av tid til at nokre av deltakarene får presentert si eiga verksemd. Det vil også være fint om verksemdar som eventuelt har planar om framtidige større øvingar kan presentere desse kort i møtet.

Vi ber dykk halde av 16. november (frå kl. 09.00 til kl. 15.00). Vi kjem attende med endeleg program seinare. Lunsj blir servert. Vi ber om at påmelding til fagdagen sendast til fredrik.arnesen@fylkesmannen.no innan 1. november.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Fredrik Arnesen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.